

1. **Urheimen, springar (2.20)** Laga av Ola Isberg, Torkjell Haugerud tok den med til Telemark, og Anders Kjerland fekk den av Tone Mo. Det er denne forma eg har lært av Olav Kvammen
2. **Halte-Lars-rudl (1.00)** Eg har funne den i opptak med Anders Kjerland
3. **Springar etter Anna Skeie (1.10)** Anna Skeie tralla låttar etter spelemannen i Botnen, Fyksesund. Opptak er gjort av Rolv Myklebust, og eg har lært slåtten etter desse.
4. **Halling etter Anna Skeie (1.24)**
5. **Springar etter Håvard Kvandal, nedstilt bas (EADG) (2.07)** Eg har lært denne håstabaslåttan av Håvard
6. **Seltakvedni, rudl (2.16)** på stille DADG, blir kallt ljósblått-stille i Valdres. Eg fann slåtten i opptak med Bjarne Ljønes. I hardingfeleverket er den oppskrive etter Lars Istad.
7. **Rudl etter Per Bulko på nedstilt bas. (1.23)** Eg har lært slåtten av Anders Kjerland. Eige arr.
8. **Jomfrulskjen, springar (2.14)** Eg fann den i opptak med Nils Rogdo. Han utvantra til Amerika like etter 1900. Bjarne Ljønes gjorde opptak med han i 1947. Visediktar og spelemann Oddmund Urheim nevner slåtten i stevleiken mellom den nye og den gamle spelemannen, som ein av dei som er på veg ut av bruk. "Å Iskra" betyr å innye seig
9. **Rudl etter Endre Bjøtveit (1.34)**. Ein Halte-Lars-rudl som Knut Hamre henta fram fra glømselen.
10. **Sørfjorden, springar (3.06)**. Lært av Olav Kvammen. Slåtten er laga av Ola Isberg og forma av Halldor Møeland. Ein av dei lyriske hardangerslåttane, og så fin at det var forbode å dansa til den.
11. **Halte-Lars-rudl (1.49)** lært av Anders Kjerland
12. **Potelurken, springar (0.52)** Eg fann den nedskrive i hardingfeleverket etter Brita Urheim, truleg ei ugift dotter av Oddmund Urheim. Han nevner den og i stevleiken som ein av dei gamle. Ein potelurk er ein plantepinne for potet

13. **Hamborgar etter Nils på Trå, nedstilt bas (2.00)** Lært etter opptak med Anders Kjerland
14. **Bryllupsvals etter Nils Tjøflåt (1.47)** Lært etter opptak med Anders Kjerland
15. **Hamborgar etter Lars Velure (2.03)**
16. **Hamborgar etter Håvard Kvandal (2.10)**
17. **Hamborgar etter Anders Kjerland, nedstilt bas (2.36)**
18. **Asso e du ei... (1.14)** Liten håstabospringar på seltakvedn-stille (HADG) etter Håvard Kvandal, lært av Håvard
19. **Hamborgar etter Lars Velure (1.57)**
20. **Hamborgar etter Lars Velure (1.47)**
21. **Urheimrudl (1.45)**. Åse Teigland har funne den i opptak med Anders Kjerland, og Susanne Helgeland lærte den og tok den med til Haugesund
22. **Rudl av Per Bulko, nedstilt bas. (1.20)** Eige arr.
23. **Halte-Lars-rudl, nedstilt bas (1.22)** lært av Anders Kjerland
24. **Halte-Lars-springar (2.13)** Eg har lært den av Leif Rygg, som fekk den av Anders Kjerland
25. **So va da gjort (2.06)** Ein Mossafinnrudl som eg har lært av Anders Kjerland. Mossafinn pleidde spele den når brurefolket kom ut til kirka.

Slått nr 1,7,9,13,14,15,16,17,21,22,23 er spell inn i Gunnar Sevigs sal, Griegakademiet, Bergen. Resten har eg spellt inn heime hos meg sjøl med DAT-spelar utlån frå Ryfikkemuseet og mikrofonar frå Ulne Museum. Nr 7 og 22 er mksa hos Jan-Arne Rundgren, Stord lyteknikk A/S.

Eg spelet på Håvard Kvandal-fela mi frå 1986, Anders Aasen-fela mi frå 1978, og ei gammal fela truleg frå midten av 1800-talet med ukjent opphav, som eg fekk låne av Bjarne Møeland. Takk for lånet. Stor takk til lærereistræne mine, og til alle som har hjelpe meg! Takk for økonomisk støtte frå Fond for lyd og bile, Rådet for folkedans og folkemusikk, Haugesund Mållag og Ungdomslag, og moralsk og praktisk støtte frå Arne Bjørndals samlinger. Og til min føimodige Erling som heid ut med meg.

Opptak: sivilarbeidar Håvard Ovesen v/Griegakademiet og eigne opptak. Etterarbeid: Jan-Arne Rundgren, Masting/frykking: Unidisc. Cover akvarell: Liv Inger Espedal. Layout: Yngve Dyvik. Grafikk: Helen Rise. Foto: Frøystein Dyvik. Produksjon: sd-produksjon

Eg var innflyttar i Odda og møtte hardingfela på glade danseføtter i Ungdomshallen midt på 1970-tallet. Lars Vikane var flink og trufast spelemann.

I 1977 tok eg fela fatt sjøl, og fekk ei fantastisk innføring hardingspel hos Olav Kvammen. Etterkvart samla eg på gode danseslåttar frå Hardanger, og då måtte eg bak Halldor Møeland-tradisjonen.

Hos Anders Kjerland (1900-1989) fekk eg lære slåttar etter Halte-Lars (Lars Larsson Rønynstrand), som han hadde lært av far sin, Severin.

Lars Velure (1901-1993) lærte meg Svein Lutro-spel. Han var rekna for beste dansespelemann i Sørfjorden i si tid. Torbjørg, kona til Lars, var god musikk-kjennar, og kviskra ein gong til meg då vi snakka om dette, at ho heidat Lars for å vera "endaa bær".

Av Håvard Kvandal f. 1911, fekk eg lære slåttar etter Ola Håstabø som han hadde lært av Sjur Håstabø. Håvard laga og ei svært god fele til meg, som eg brukar på fleire spor på CD-en.

Eg reiste ut fra Hardanger i 1978, og seinare hadde eg mest kontakt med dei eldste lærarane mine, som eg var og er svært glad i. Derfor har eg i liten grad vore med på den store stivendinga som hardangerspelet har gått gjennom i tida etter. No er eg blitt ein av dei som spelet slik dei gjorde før. Her har eg henta fram kjende og ukjende hardingslåttar som eg finn glede i å presentera.

CD-prosjektet mitt fekk ein god start med Ingrid Gjertsen på Arne Bjørndals samlingar ønske å gjøre opptak med meg til folkemusikk-arkivet. Noko av desse opptaka finn du att på denne CD-en.

- 1 Urheimen, springar (2:20)
- 2 Halte-Lars-rudl (1:00)
- 3 Springar etter Anna Skeie (1:10)
- 4 Halling etter Anna Skeie (1:24)
- 5 Springar etter Håvard Kvandal, nedstilt bas (2:07)
- 6 Seltakvedni, rudl på stille DADG (2:16)
- 7 Rudl etter Per Bulko, nedstilt bas, eget arr (1:23)
- 8 Jomfrulskjen, springar (2:14)
- 9 Rudl etter Endre Bjøtveit (1:34)
- 10 Sørfjorden, springar (3:06)
- 11 Halte-Lars-rudl (1:49)
- 12 Potelurken, springar (0:52)
- 13 Hamborgar etter Nils på Trå (2:00)
- 14 Bryllupsvals etter Nils Tjøflåt (1:47)
- 15 Hamborgar etter Lars Velure (2:03)
- 16 Hamborgar etter Håvard Kvandal (2:10)
- 17 Hamborgar etter Anders Kjerland (2:36)
- 18 Asso e du ei...Håstabøspringar på seltakvedn-stille (HADG) etter Håvard Kvandal (1:16)
- 19 Hamborgar etter Lars Velure (1:57)
- 20 Hamborgar etter Lars Velure (1:47)
- 21 Urheimrudl (1:45)
- 22 Rudl av Per Bulko, eget arr (1:20)
- 23 Halte-Lars-rudl nedstilt bas (1:22)
- 24 Halte-Lars-springar (2:13)
- 25 So va' da gjort, Mossafinnrudl (2:06)

Siri Dyvik spelar hardingfele
Eigen produksjon

Siri Dyvik
SO VA DA GJORT

Siri Dyvik
SO VA DA GJORT

SO VA DA GJORT

Siri Dyvik